


05.04. 2009



LUSTER KOMMUNE 2009

Hjort på Sørsida

Status Sørsida

Luster kommune gir som dei siste to åra ut egne korte rapportar over viltforvaltninga i kvar hjortesone. Dette vert gjort slik at de som jegerar og grunneigarar får tilgang til den same informasjonen som kommunen, og at me dermed kanskje kan få til ei endå betre avskytning og forvaltning. Det er også laga eit eige hefte om forvaltning og avskyting kommunen sett under eitt, som er meir omfattande og som de også bør sjå på. Dei ulike valda sin tildeling og avskyting dei siste tre åra ligg bakarst.

Verdiane knytta til hjortebestanden i sona er store både økonomisk og gjennom rekreasjon. Hjortekjøtet i 2008 er vurdert til rundt kr 362 000 for sona.

Jegerar og grunneigarar bør dermed sjå nytten av ei god og framtidretta forvaltning av desse felles verdiane.

På dei neste sidene vil me både presentere og tolke statistikken som me har laga for sona.

For å samanlikne dykkar sone med andre område, bør de studere heftet "hjort i Luster kommune".

De vil få kjennskap til:


- *Historisk tildeling*
- *Historisk avskyting*
- *Jaktpreferanse*
- *Bestandssamansetjing*
- *Bestandsvekst*
- *Kor lenge de er på jakt*



Tildeling

Figuren syner at både tildelinga og tildelingsfordelinga har variert dei siste åra. Dette skyldast at ein har endra på arealkravet bak kvart løyve i samsvar med kva ein har funne naudsynt etter varierende tettleik i ulike område.

Sona Sørsida har sidan 2004 hatt ei spesiell tildeling sidan 13 av 15 vald alt då byrja med storvald og tildeling av frie løyve i samsvar med bestandsplan.





Avskyting

Utvida jakt, stor auke i tildeling og kanskje ein framleis aukande bestand har ført til eit nytt år med rekordavskyting i kommunen.

På Sørsida kor bestanden har vore forvalta med bakgrunn i bestandsplanar.

Sona har det siste året ikkje betra avskytinga med tanke på auka uttak av kalv og ungdyr.

Målsettinga er ei avskyting på minst 60 % kalv og ungdyr, minst 20 % eldre hodyr og resten eldre hanndyr.



“Sett– hjort” - Korleis er hjortestamma?

I grafen til høgre har me sett på om sona føretrekk å skyte eldre hanndyr (om dei tek ut fleire enn ein kan forvente ut frå førekomsten etter “sett –hjort”), eller om dei “sparar” eldre hanndyr (tek ut færre enn ein kan forvente ut i frå observasjonane). Forklaringa til grafen er at alt over 100 % betyr at då vert eldre hanndyr føretrekt i meir eller mindre grad, medan alt under 100% betyr sparing av eldre hanndyr.


Dei siste to åra har de teke ut litt mindre eldre hanndyr enn venta viss det hadde vore ei tilfeldig avskyting.

Sparing av eldre hanndyr er viktig sidan bukkane i snitt vert skote som 3.5 år medan dei må verte rundt 6 år før dei vert skikkeleg stor.




Grafen til høgre syner den observerte bestandssamansetninga. Sørsida har ein relativt høg andel hodyr. Det ser ut som bestandssamansetninga er relativt stabil. Derksom sona hadde vorte flinkare til å leggje avskytinga på yngre dyr, ville me venta ein høgare andel eldre bukk dei næraste åra.

Denne grafen syner observerte dyr per jakttime per år i utmark. Den svære auken i 2007 skuldast to jegerar som var kort tid på jakt men som samstundes såg svært mykje dyr. Det ser ut som bestanden jamt over har auka.

Jaktinnsatsen i sona auka noko i 2008, truleg som fylgje av utvida jakt.



Sett -Hjort bestandssamansetning Sørsida



Fellingsdata

Hjort 2008			Tilsagn							Fellingsresultat bukk			Fellingsresultat kolle			Fellingsstatistikk							
Sone	Valdhr	Valdleiar /ansvarleg	Areal	Arealkrav	Tilsagn i alt	Spissbukkk og eldre bukk	Åringskolle og eldre kolle	Kalv	Frie	Tidelt for år	Vaksen bukk	Spissbukkk	Hannkalv	Vaksen kolle	Åringskolle	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Hanndyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da
Sørsida N. storvald	803*	Ole Martin Bakken	32579	550	46	0	0	0	46	2007-2009	4	8	3	11	2	4	32	70 %	7	25	47 %	53 %	0,98
Sørsida	812	Bjørg Kroken	5330	550	9	2	4	3	0	2008	1	0	1	3	0	0	5	56 %	1	4	40 %	20 %	0,94
Sørsida S. Storvald	818*	Nils Kroken	34320	550	47	0	0	0	47	2007-2009	6	5	8	10	3	5	37	79 %	13	24	51 %	57 %	1,08
Totalt Sørsida			72229		102	2	4	3	93		11	13	12	24	5	9	74	73 %	21	53	49 %	53 %	1,02
Prosentfordeling						22 %	44 %	33 %			15 %	18 %	16 %	32 %	7 %	12 %							

Hjort 2007			Tilsagn							Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk							
Sone	Valdhr	Valdleiar /ansvarleg	Areal	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 år og eldre hann	Kalv	Frie	Tidelt for år	Vaksne hanndyr	1,5 år hann	Hannkalv	Vaksne hodyr	1,5 år ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Hanndyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da	
Sørsida N. storvald	803*	Ole Martin Bakken	32579	750	46	0	0	27	2007-2008	4	4	8	6	7	5	34	74 %	13	21	47 %	71 %	1,044	
Sørsida	812	Bjørg Kroken	5330	750	7	0	2	5	2007	1	1	0	2	0	2	6	86 %	2	4	33 %	50 %	1,126	
Sørsida S. Storvald	818*	Nils Kroken	35544	750	47	0	0	47	2007-	7	7	3	8	9	5	39	83 %	8	31	44 %	62 %	1,097	
Totalt Sørsida			73453		100	0	2	79		12	12	11	16	16	12	79	79 %	23	56	44 %	65 %	1,076	
Prosentfordeling						0 %	29 %	71 %		15 %	15 %	14 %	20 %	20 %	15 %								

Hjort 2006			Tilsagn							Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk							
Sone	Valdhr	Valdleiar /ansvarleg	Areal	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 år og eldre hann	Kalv	Frie	Tidelt for år	Vaksne hanndyr	1,5 år hann	Hannkalv	Vaksne hodyr	1,5 år ho	Hokalv	Totalt	Fellingsprosent	Sum Kalv	Sum Vaksne	Hanndyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da	
Sørsida N.	803*	Nils H. Lerum	20975	750	27	0	0	27	2004-2006	5	3	3	1	4	1	17	63 %	4	13	65 %	65 %	0,81049	
Sørsida	810	Hermann Lingjerde	4294	750	5	1	1	3	2006	1	0	1	2	0	0	4	80 %	1	3	50 %	25 %	0,93153	
Sørsida	812	Bjørg Kroken	5330	750	7	1	2	4	2006	3	0	1	1	0	2	7	100 %	3	4	57 %	43 %	1,31332	
Sørsida S.	818*	Odd John Bugge	35544	750	47	0	0	47	2004-2006	6	7	3	10	4	3	33	70 %	6	27	48 %	52 %	0,92843	
Totalt Sørsida			66143		86	2	3	81		15	10	8	14	8	6	61	71 %	14	47	54 %	52 %	0,92224	
Prosentfordeling						17 %	25 %	58 %		25 %	16 %	13 %	23 %	13 %	10 %								

Hjort 2005			Tilsagn							Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk						
Sone	Valdhr	Valdleiar /ansvarleg	Areal	Arealkrav	Tilsagn i alt	Tilsagn Hann	Tilsagn Kalv	Tilsagn Frie	Tidelt for år	HannVakse	Hann1 1/2 år	HannKalv	HoVakse	Ho1 1/2 år	Hokalv	Totalt	Fellingsprosent	Sum Kalv	Sum Vaksne	Hanndyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da
Sørsida N.	803	Nils H. Lerum	20975	750	27	0	0	27		4	5	1	2	3	3	18	67 %	4	14	56 %	67 %	0,858
Sørsida	810	Hermann Lingjerde	3614	750	4	1	1	2		1	1	0	1	0	1	4	100 %	1	3	50 %	50 %	1,107
Sørsida	812	Bjørg Kroken	5330	750	7	1	2	4		3	0	1	2	0	0	6	86 %	1	5	67 %	17 %	1,126
Sørsida S.	818	Odd John Bugge	35544	750	47	0	0	47		7	7	5	9	4	6	38	81 %	11	27	50 %	58 %	1,069
Totalt Sørsida			65463		85	2	3	80		15	13	7	14	7	10	66	78 %	17	49	53 %	56 %	1,008
Prosentfordeling										23 %	20 %	11 %	21 %	11 %	15 %							